

SAKSFRAMLEGG

UTVALGSSAK

Behandla av
Formannskapet **Møtedato**
 08.09.2011 **Saksnr.**
 068/11 **Saksansvarleg**
 TVEANN

ArkivsakID	JournalID	ArkivID	Saksbehandler
11/363	11/4260	000	Aslag Lajord

Høyring - framlegg til endringar i kommunelova og enkelte andre lover (eigenkontrollen i kommunane m.m.)

Saksopplysninger:

Ei arbeidsgruppe oppnemnt av Kommunal- og regionaldepartementet har levert rapporten *85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane*. Med utgangspunkt i denne rapporten har departementet utarbeidd eit høyringsnotat om endringar i kommunelova og enkelte andre lover.

Høyringsnotatet er på 59 sider, og har følgjande hovudpunkt:

- Kontrollutval: Val, sekretariat, opne/lukka møte mv.
- Revisjon: Dispensasjon frå utdanningskrav, rapporteringsplikt etter kvitvaskinglsova og plan for selskapskontroll.
- Internkontroll: Rapportering i årsmeldinga og internkontrollansvar i kommunale føretak.
- Selskapskontroll: Kontrollutvalet sin rett til innsyn mv.
- Andre regelendringar: Opne/lukka møte i styret i kommunale føretak, val av tilsette til styret, mva-kompensasjon som finansieringskjelde i investeringsrekneskapen, og avdrag på likviditetslån og trekkrettar.
- Lov om interkommunale selskap: Regelendringar for betre samsvar med kommunelova.
- Inndelingslova: Samansetjing av fellesnemnda.

Mange av framlegga er presiseringar eller stadfesting av gjeldande praksis, og/eller har liten praktisk verknad for Vang kommune. Her er det lagt hovudvekt på spørsmål om kontrollutvalet sitt sekretariat, jf. *Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner* av 15. juni 2004 nr 905 § 20.

Departementet peikar på at § 20 stiller krav som er med på å sikre at sekretariatet ikkje blir bunde til kommunen sin administrasjon eller til revisoren. Dei viser også til behovet for å skilje sekretariatsoppgåva frå revisjonsoppgåva, jf. Ot.prp. nr. 70 (2002-2003):

Kontrollutvalget skal utøve en tilsynsfunksjon overfor revisjonen, og skal følge opp at kommunen får de revisjonstjenester den har bestilt.

Departementet gjer framlegg om to nye setningar i § 20 tredje ledd, som i så fall vil få følgjande ordlyd (dei nye setningane er understreka):

Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens administrasjon og av den eller de som utfører revisjon for kommunen. Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til kommunens (...) administrasjon. Den som utfører revisjonsoppgaver for den aktuelle kommunen (...) kan ikke utøve sekretariatsfunksjoner for kontrollutvalget. Det samme gjelder medlemmer av kontrollutvalet eller kommunestyret eller fylkestinget i den aktuelle kommunen (...).

Departementet meiner at dess fleire medlemmer kontrollutvalet har, dess meir sannsynleg er det at (medlemer av) utvalet set søkjelys på kritikkverdige forhold, og at eit krav om fleire medlemmer strekar under at kontrollarbeidet i kommunen er svært viktig. Departementet førelår å endre kommunelova § 77 nr.1, ved at minste talet på medlemer blir auka frå tre til fem.

Vurdering

Ein er sjølv sagt samd med departementet om at kontrollarbeidet er svært viktig – som så mange andre oppgåver i kommunen. Det kan også vera gode argument for at kontrollutvalet sitt sekretariat skal vera uavhengig av revisjonen. Men for kommunar som har eigne revisorar eller deltek i interkommunalt samarbeid om revisjon er det også gode argument for å kunne samordne desse organa – som langt på veg har samsvarande oppgåver og ansvar for kontroll og tilsyn. Skal dei arbeide uavhengig av kvarandre er det stor fare for dobbeltarbeid og dårlig ressursutnytting. Med utgangspunkt i at kvar kommune har sett av ei viss budsjettramme til revisjon og tilsyn bør ein oppnå minst like god – eller betre – kontroll og tilsyn om ressursane blir samordna. Kontrollutvalet sine oppgåver med å sjå til at rekneskapa blir revidert på ein betryggande måte (kommunelova § 77 nr. 4) og innstilling ved val av revisor (kommunelova § 78 nr. 4) må sjølv sagt gjennomførast uavhengig av revisjonen, men desse avgrensa oppgåvene bør kunne løysast utan eit eige, uavhengig sekretariat.

Bemanning av eit eige sekretariat for kontrollutval inneber særlege utfordringar. I mindre kommunar kan det vera tale om berre ei stilling (ev. deltidsstilling), sjølv med interkommunalt samarbeid. Så små sekretariat må rimelegvis rekne med manglar knytt til fagkunnskap og fagmiljø.

For mange kommunar kan lov- og forskriftskrav om at kontrollutvalet sitt sekretariat skal vera uavhengig av revisjonen innebera fleire problem og utfordringar enn dei løyser. Innanfor rammene av gjeldande lovverk bør kommunane – ut i frå eigen situasjon og eigne prioriteringar – oppretthalde gode kontroll- og tilsynsløysingar utan slike føringer.

Når det gjeld talet på medlemer av kontrollutvalet, kan ein ikkje sjå gode nok argument for å forskriftsfeste at utvalet skal ha minst fem medlemer. Mange stader kan det vera gode grunnar for at talet på medlemer bør vera større enn tre, men dette bør kommunane vera i stand til å vurdere sjølve.

Endringar (og framlegg til endringar) i lover og forskrifter kan ha gode intensjonar kvar for seg. I sum – over tid – inneber dette aukande utfordringar, ikkje minst for mindre kommunar. Med aukande forventningar til tenestetilbod og effektiv ressursbruk frå sentrale styresmakter og frå brukarar/innbyggjarar er det ei utfordring med regelverk som inneber auka behov for administrative ressursar.

Framlegg til vedtak:

Vang kommune går mot at lov og forskrift skal hindre samordning mellom kontrollutvalet sitt sekretariatet og revisjonen i kommunar som har eigne revisorar eller deltek i interkommunalt samarbeid om revisjon.

Vang kommune går mot framlegget om at kontrollutvalet skal ha minst fem medlemer.

Ein har ikkje særskilte merknader til dei andre framlegga i høyringsnotatet.

Saka vart behandla i Formannskapet 8.9.2011

FS-068/11 Vedtak:

Som framlegget.

Samrøystes.

Melding sendt:

Kommunal- og regionaldepartementet

NKK – Norges kemner- og kommuneøkonomers forbund

Kommunerevisjon IKS Valdres - Hallingdal